



EIDFJORD KOMMUNE

KUNNSKAPSGRUNNLAG
TIL PLANSTRATEGI
2024-2027

Innhald

1	Kunnskapsgrunnlag til kommunal planstrategi.....	3
2	Nasjonale forventningar til den regionale og kommunale planlegginga.....	3
2.1	Samordning og samarbeid i planlegging.....	3
2.2	Klima, natur og miljø for framtida	3
2.3	Trygge og inkluderande lokalsamfunn	3
2.4	Velferd og berekraftig verdiskaping.....	4
2.5	Samfunnssikkerheit og beredskap.....	4
3	Vestland 2040 scenario	4
3.1	Scenario 1 – Nøysame Vestland.....	5
3.2	Scenario 2 – KI-drivne Vestland.....	5
3.3	Scenario 3 – Tryggleiksvestland	6
3.4	Scenario 4 – Klimaherja Vestland	6
4	Utviklingstrekk for Vestland fylke og Eidfjord kommune.....	6
4.1	Befolkningsutvikling og samansetting	6
4.2	Levekår og folkehelse	7
4.3	Næringsliv og sysselsetting.....	7
4.4	Bustad	8
4.5	Miljø og klima	8
4.6	Transport og reisevanar	9
4.7	Langsiktig arealbruk	10
5	Status gjeldande planar, strategiar og styringsdokument	11

1 Kunnskapsgrunnlag til kommunal planstrategi

Ved ny valperiode skal kommunestyre utforma ein planstrategi som legg føringane for utviklinga, ressursbruk og prioriteringar for kommande valperiode. Planstrategien gjer føringar for kommunen sitt arbeid gjennom den politiske perioden.

Planstrategien skal utarbeidast på grunnlag av lokale forhold, kombinert med regionale og nasjonale føringar for planlegging. For å avgjera kva planar det er behov for, eventuelt om gjeldande planar bør reviderast, skal ein ha eit kunnskapsgrunnlag å vurdere etter. Kunnskapsgrunnlaget for planstrategien skal syna utviklingstrekk og utfordringar for kommunen som samfunn og organisasjon.

2 Nasjonale forventningar til den regionale og kommunale planlegginga

Frå statlege mynder er det framlagt Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging for tidshorison 2023-2027. Dokumentet blir revidert kvart fjerde år, og legg grunnlaget for regional og kommunal planlegging. Det er ein felles målsetnad å leggja til rette for trygge, berekraftige og levande lokalsamfunn på tvers av Noreg. Dei nasjonale forventningane syner til at fylkeskommunane og kommunane si innsats er avgjerande for at Noreg som heilskap skal lykkast i å realisera ein berekraftig samfunnsutvikling. Forventningsdokumentet understreka 2030-agendaen gjennom fem hovudtema.

2.1 Samordning og samarbeid i planlegging



I arbeid med overordna samfunnsplanlegging skal det vektleggast løysingar som fremja lokal verdiskaping og busetnad i heile landet. Løysingar skal ha utgangspunkt i berekraftsmåla og nasjonalt klima- og miljømål. For å sikra god kvalitet i planlegginga av framtidig utvikling, må ein vektleggja kunnskap, kompetanse og kvalitet. For å sikra ei felles utvikling av samfunnet er det viktig å leggja til rette for opne prosessar, kor ein inkluderer ei stor breidde av interesser.

2.2 Klima, natur og miljø for framtida



Parisavtalen legg føringar Noreg sitt arbeid med berekraftsmåla. FNs naturpanel har framlagt rapport på at verdens dyr, plantar og økosystem vert utrydda i eit høgare tempo enn nokon gong. Miljøpåverknaden på verdsbasis er høg, og skapar uheldige verknader på økosystemtenester som stettar reint vatn, luft og tilgang på mat. Omdisponering og nedbygging av karbonrike areal skal som langt som råd unngås ved utbygging.

Med grunnlag i Norges sin kompetanse og evne til å utvikla, har me eit godt utgangspunkt i å nå berekraftsmåla innan 2030. Noreg har likevel ein veg å gå knytt til å redusera klimagassutslepp, vera ein meir bevist forbrukar og skjerma naturmangfald. Det krevjar eit langsiktig perspektiv for forvaltninga av ressursar og arealbruken for å redusera forbruket, klimagassutslepp og tap av natur og kulturmiljø.

I april 2024 vart *Meld. St. 18 (2023-2024) Ein forbetra tilstand for villrein* presentert. Meldinga sett fokus på regjeringa sin politikk for å forbetra tilstanden for villrein i Noreg. Det er framlagt fem satsingsområde; heilskapleg og restriktiv arealforvaltning i høgfjellet, auka tilrettelegging for villreinvennleg ferdsel, betre villreinelse, meir berekraftig forvaltning av stamma og restaurering av deira leverområder.

2.3 Trygge og inkluderande lokalsamfunn



For å sikra lokal busetnad på tvers av Noreg, er det viktig å sikra gode fysiske omgjevnader og sosiale arenaer kor ein har tilgang til varierte, inkluderande og varige tilbod for samtlege innbyggjarar. Grøntområde nært på bebyggelse er under press frå fortetting og transformasjon, det er viktig å ivareta desse naturområde for å bidra til auka fysisk uorganisert aktivitet.



2.4 Velferd og berekraftig verdiskaping

Samfunnsutviklinga er prega av ei endra demografi blant landets befolkning. Andelen av eldre auka, derav vil ein lågare del av befolkninga vera yrkesaktiv. Endringa i demografien vil påverka prioriteringa av ressursar i kommuneøkonomien.

I ljøs av det grønne skiftet er det fokus på innovasjon og omstilling for å sikra verdiskaping inn i framtida. For å stetta utviklinga er tilgang på kompetanse og arbeidskraft ein viktig drivar. Punktet er spesielt viktig i distriktskommunar, kor det også er ulik tilgang innan utdanningstilbod og kompetansehevande tiltak.

2.5 Samfunnssikkerheit og beredskap



Med endringar i klima og natur, må ein førebu seg for å takla eit villare og våtare kvardagsvær. Arbeidet med beredskap knytt til drikkevotn, kraftforsyning og kommunikasjon er nøkkelpunkter. Ein vil i planlegginga måtta handsama ein forsterka vørsituasjon, gjennom å ivareta naturen sine kvalitetar i utbygging.

Verda er prega av krig og uro, noko som har konsekvensar for import og eksport av varer. Regjeringa har målsetnad å auka Noreg si sjølvforsyningsgrad. Det er i planlegginga viktig å ta omsyn til landbruksareal til fleire føremål; dyrka mark, inn- og utmarksbeite. For areala som er øydelagt av tiltak, bør ein vurdere restaurering av arealet.

3 Vestland 2040 scenario

Gjennom Scenario Vestland 2040 har Vestland fylkeskommune dyrka fira scenario med utgangspunkt i ti tunge drivarar frå dagens situasjon og ti usikkerheiter for framtida. Scenarioa syner dei verkeleg store utfordringane for Vestland fylke, med tidsperspektiv 2040. Samanstillingane gjer eit grunnlag for ein betre forståing av dilemmaa og målkonfliktane knytt til berekraftsmåla. Scenarioa har sett utviklinga på spissen, målsetnaden er å stimulera til nytenking, som grunnlag for ny utviklingsplan og politisk debatt.¹



Ti tunge framtidstrendar

1. Eit meir uroleg storpolitisk bilete påverkar politikk og samfunns-planlegging i Noreg og Vestland
2. Det blir fleire eldre i befolkninga, ungdommen flyttar og det er aukande behov for arbeidsplassar
3. Det er mangel på fagutdanna og lærlingplassar, særleg i distrikta
4. Natur- og arealressursar under press
5. Høgare energiprisar, energimangel og krav om utbygging av fornybar energi
6. Auka fare for klimaendringar og naturhendingar
7. Presset for grøt skifte i politikk og opinion er sterkt, samstundes som olje og gass har ein ny vår
8. Problem med utanforskap og psykisk helse veks, særleg blant unge og innvandrarar
9. Digitalisering av tenester blir intensivert
10. Kommuneøkonomien er under press



Ti moglege «Black Swans»

1. Full stans i olje- og gassproduksjon
2. Samanbrot for demokratiet i Vesten og Vestland
3. Velferdsstaten kollapsar
4. Kunstig intelligens tek over styringa
5. Matmangel i verda og i Vestland
6. Økonomisk kollaps
7. Ein større naturkatastrofe råkar kysten
8. Revolusjonerande energikjelde
9. Massiv migrasjon til Nord-Europa skapar krise
10. Vestland blir Vestlandet (Rogaland og Møre og Romsdal kjem til)


Henta frå Scenario Vestland 2040.

For å vera førebudd på framtidens utfordringar må ein løfta blikket ut frå Vestland, sjå samanhangen mellom Norge og verden med utfordringane som materialiserer seg. For Vestland har ein utfordringar

¹ Vestland fylkeskommune, Scenario Vestland 2040

knytt til kommunereforma, fråflytting og urbanisering, nye næringar, energiutfordringar, eldrebylgja og psykiske lidingar. I det større verdsbiletet herskar utfordringar kring klimaendringar, krig og migrasjon, bio-tech og kunstig intelligens, ein vaksande middelklasse og fare for nye pandemiar.

Dei fira scenarioa for Vestland sirkulera rundt prioriteringa mellom klimakutt og naturvern og energiproduksjon, samt eit svakt eller fungerande arbeidsmarknad og arbeidsliv.



Figur 1 Illustrasjon av dei fire scenarioa for Vestland 2040. Henta frå Vestland Fylkeskommune.

3.1 Scenario 1 – Nøysame Vestland

Nøysame Vestland

«Dette er saga om korleis Vestland og Noreg oppleva ein tøffare røyndom etter å ha trekt i naudbremsen for å nå nullutslppsålet», Scenario Vestland 2040.

Energiprisen har gått til himmels, Vestland har motvillig gjeve slepp på oljealderen. Olje- og gassutvinninga er avvika etter press frå EU og miljørørsla. Vern av natur og biologisk mangfald står i førarsetet. Det har ført til at Vestland har redusert forbruk, velferd og velstand. Vestlendingane har returnert til bygda, og attende til å vera nøkterne og nøysame. Det er fokus på ombruk og attvinning, samt sjølvberging og småbruksdrift.

Offentleg system og infrastruktur har kollapsa, omsorgsoppgåver har auka og påverkar arbeidslivet. Omstillinga og utviklinga i Vestland har stagnert, det tek tid og kompetanse å byggja opp nye næringar. Arbeidslivet er knytt til tiltak, talent og kompetanse. Lønnsnivået er lågt, folk har fleire jobbar og mange oppleva fattigdom.²

3.2 Scenario 2 – KI-drivne Vestland

KI-drivne Vestland

«Dette er saga om eit Vestland som har mista unge med yrkesfagleg kompetanse og som satsar på kunstig intelligens for å redde velferd», Scenario Vestland 2040.

Vestland er i 2040 den leiande regionen på kunstig intelligens (KI) i Noreg. Vestland har utmerka seg i bruken av KI i kommunale tenester, klimatilpassing, fornybar energi og innan olje- og gasssektoren. Næringslivet er prega av få gjenstående arbeidsplassar. Kommunar satsar på krypto-utvinning og Norges har fått eit eige datatryggingssenter. Det er høge krav til effektivitet og kompetanse i arbeidslivet som gjer at fleire fell utanfor.

I eldreomsorga er det sett inn avansert velferdsteknologi for å handtera eldrebylgja. Menneskeleg omsorg er mangelvare og samfunnsborgarane er meir stillesittande. Kommuneøkonomien er sviktande. Småkommunar er slått saman til regionkommunar. Det er ei aukande framandgjering i små bygder. Algoritmar styrar informasjonsflyten, og KI opnar nye arenaer for propaganda og manipulasjon. Tillita til demokratiet er tynnslite, polarisering og ekstremisme auka.³

² Vestland fylkeskommune, Scenario Vestland 2040

³ Vestland fylkeskommune, Scenario Vestland 2040

Tryggleiks-
vestland

3.3 Scenario 3 – Tryggleiksvestland

«Dette er saga om eit Vestland som må ta eit endå tyngre ansvar for norsk og europeisk energitryggleik og forsyningstryggleik i ei uroleg tid», Scenario Vestland 2040.

Det rår utryggleik i verden, tryggleik knytt til energiforsyning er i hovudfokus. Petroleumsnæringa er framleis ei viktig kjelde til sysselsetting og velstand i Vestland. Bygdene døyr, medan eit urbant storbybelte veks fram langs kysten. Norge har ikkje klart å oppfylle berekraftsmåla, og såleis ikkje klart det grøna skiftet. Økonomi, energi og tryggleik i Europa er vevd saman, kor Norge har ein viktig rolle.

Samfunnet er anspent, det skjer brå skifter og klimaendringane byggjer seg opp. Klimakrisa forsterka skilnadene og grensene mellom Vesten og den tredje verda. Den demografiske utviklinga er positiv, og det er mindre utanforskap i arbeidslivet. Det er motstand mot å taka inn store grupper klimaflyktningar til Noreg.⁴

3.4 Scenario 4 – Klimaherja Vestland

«Dette er saga om korleis Vestland vert råka av stadig fleire og meir brutale klimaendringar og naturhendingar, noko som utløyser forvirring», Scenario Vestland 2040.

Grunna ekstremnedbør, flaum og ras er der ikkje råd å bu i fleire kommunar i Vestland, Vestlendingar vert klimaflyktningar i eige land. Det er stor mangel på arbeidskraft i fylket, sett vekk i frå Bergen som har opp mot ein halv million innbyggjarar, til tross for at Brygga og bydelar ligg under havnivå. Det oppstår arealkonfliktar med ubueleg areal, behov for kraft og sjølvforsyning.

Klimaendringane har ført til oppblomstring av sopp og mugg som har øydelagt jordsmonn, vassressursar, materielle verdiar og folkehelsa. Klimafrykta forsterka lidingane blant befolkninga, mange flytter mot austlandet.⁵

Klimaherja
Vestland

4 Utviklingstrekk for Vestland fylke og Eidfjord kommune

Med grunnlag i dei nasjonale og regionale føringane skal kommunen forma si utvikling. Dei nasjonale føringane ligg som ein grunnstein, vidare er den regionale utviklingsplanen eit grunnlag for kommunen sine visjonar. Utviklingsplanen for Vestland fylke tek føre seg forhold som trekk seg frå Stord i sør til Måløy i nord, Øygarden i vest og Eidfjord i aust.

Eidfjord kommune er ein kommune med lågt folketal, noko som har konsekvens for tilgjengeleg statistikk for kommunen sitt verkeområde. Utviklingsplanen for Vestland gjer statistikk for Indre Hardanger, som omfattar Eidfjord og Ullensvang. Ein legg regionsstatistikk til grunn for utviklingstrekk i Eidfjord.



4.1 Befolkningsutvikling og samansetting

Folketalet i Vestland fylke har hatt vekst over fleire tiår. Befolkningsutviklinga har vore driven av høg innvandring og eit innanlandsk flyttetap. Busetnaden trekker frå spreidd bebygde områder, inn til sentraliserte tettstader.⁶ Bergen er den største byen på Vestlandet, det er fleire spreidde regionscenter rundt. Eidfjord sitt nærmaste regionscenter er Voss.

I tredje kvartal av 2023 er det registrert 974 innbyggjarar i Eidfjord kommune.⁷ Folketalsprognosane for Indre Hardanger, som omfattar Ullensvang og Eidfjord, syner ei nedgang i befolkningstalet.⁸ For Eidfjord kan ein dog sjå auke frå år til år frå 2020 til 2023.⁹

⁴ Vestland fylkeskommune, Scenario Vestland 2040

⁵ Vestland fylkeskommune, Scenario Vestland 2040

⁶ Vestland fylkeskommune, Utdringsrapport for utviklingsplan for Vestland 2024-2028

⁷ Statistisk sentralbyrå, Kommunefakta Eidfjord, lest 30.01.2024

⁸ Vestland fylkeskommune, Utdringsrapport for utviklingsplan for Vestland 2024-2028

⁹ Statistisk sentralbyrå, Kommunefakta Eidfjord, lest 30.01.2024

Prognosane førespegla at nedgangen i befolkningstalet vil vedvara fram mot 2040. Regionen har hatt svak utvikling i nettotilveksten av arbeidsplassar i fylket. I ljøs av eldrebølgja, har andel yrkesaktive i Indre Hardanger gått ned. Regionen har fødselsunderskot, aldrande befolkning og høg grad av utflytting.¹⁰ Statistikk frå SSB syner at aldersfordelinga i Eidfjord kommune syner tydeleg ei overvekt av eldre, kontra tilveksten av barn og unge.

Faktorane ved endra demografisk samansetning vil ha konsekvens for bygdeutviklinga. Med ei auke i tal eldre og redusert tilvekst av yngre, vil funksjonar som skapar liv og aktivitet i samfunnet verta råka. Mindre sysselsetting vil endra kommunen si skatteinntekt, som vil råka tilbod i tenester. Vestland fylke har store variasjonar i stadattraktivitet. For å sikra ei stabil og positiv utvikling bør kommunar ha fokus på attraktive tilbod og tenester innanfor fritidssyslar, arbeidstilbod og institusjonar knytt til helse og oppvekst. Det er eit overordna mål å sikra god livskvalitet og like moglegheiter i heile fylket.

4.2 Levekår og folkehelse



Kunnskapsgrunnlaget tek føre seg den generelle tilstanden i regionen ettersom statistikkgrunnlaget for Eidfjord ikkje er tilstrekkeleg på alle punkter. Folkehelseoversikta for Eidfjord kommune vil ligga som eit tillegg til kunnskapsgrunnlaget som eit utfyllande dokument.

Levekår omhandla dei ytre betingelsane menneskjer lev under. Omgjevnadane og tiltak har innverknad på korleis levekåra endrar seg. Trendane i Vestland fylke syner til auka sosial ulikskap knytt til helse, bustad og inntekt. Dei sosiale skilnadane kjem til ein viss grad fram i grad av samfunnsdeltakinga.

Den regionale folkehelseoversikta for Vestland syner like problemstillingar som det nasjonale biletet. Den sosiale ulikskapen i samfunnet er aukande. Dei demografiske endringane gjer seg gjeldande kor det blir fleire eldre og færre yngre. Denne problemstillinga er høyst tilstades i bygder utanføre dei større regionsentera. I ljøs av dette er også frivilligheita i endring. Vidare er det auka utfordringar knytt til psykisk helse og livskvalitet i befolkninga.

Dagen unge veks opp i ei tid kor dei er eksponert for det digitale samfunnet med tilgang på mang ein sosiale møtestadar via internett. Med ei endra sosial struktur, kor møter føregår på digitale plassformar, endrast dynamikken i samfunnet. Ein må arbeida for å ivareta sosiale møtestadar og gode friluftsområde i by og bygd, for å sikra den kognitive utviklinga til barn og unge.

Trendar i Vestland syner til at det i utdanningssektoren er auka fråfall i vidaregåande opplæring. Fråfallet vil på sikt endra tilgang på kompetanse og skapa eit mindre inkluderande arbeidsliv. Det er ein generelt trend at graden uføre er aukande. Region Indre Hardanger ligg over lands- og fylkessnittet for andel mottakarar av uføretrygd og anna stønad for livsopphald. Dog ligg Indre Hardanger godt under snittet i Vestland og i Norges knytt til utanforskap i befolkninga¹¹.

4.3 Næringsliv og sysselsetting



Noreg har hatt ei kraftig auke i bruttonasjonalprodukt frå 1970-talet på knappe 26 000 kr per innbyggjar, til 2022 med 1 045 000 kr per innbyggjar. Bruttonasjonalproduktet gjer innsikt i grad av økonomisk aktivitet i Noreg. Samanliknar ein bruttonasjonalproduktet i Noreg med EU, har Noreg 112% større bruttonasjonalprodukt.

Vestland er det største eksportfylket i landet. Eksporten er i stor grad knytt til internasjonale marknader og turistmarknaden. Fylket er spesialisert innanfor

¹⁰ Vestland fylkeskommune, Utfordringsrapport for utviklingsplan for Vestland 2024-2028

¹¹ Vestland fylkeskommune, Utfordringsrapport for utviklingsplan for Vestland 2024-2028

teknologiindustriar og olje og gass. Sjønæringa, kraft og reiseliv kjem tett etter. Samanlikna med fylket ligg Indre Hardanger høgt på del av vareproduksjon, spesielt innan metallindustri og kraftproduksjon.¹²

Arbeidsmarknaden i Eidfjord er prega av offentlege tenester, kraftproduksjon og tenester knytt til reiselivet. Ein stor del av arbeidarane pendlar ut av kommunen for arbeid.¹³ Indre Hardanger har generelt ein låg tilvekst av private tenester og offentlege arbeidsplassar. Kraftkrevjande industriar, landbruk og handel dominera arbeidstilbodet i privat sektor. Næringane prega av redusert arbeidskraftbehov inn i framtida, noko som har konsekvens for befolkningsutviklinga.¹⁴

Eidfjord som stad er ein turistdestinasjon for folk frå inn- og utland. Kommunen har ei veletablert turismnæring, som i større grad må tilpassa seg krav for ein berekraftig destinasjon. Fokus på ei berekraftig besøksforvaltning som ikkje går på bekostning av innbyggjarane sine levekår er essensielt.

Utviklinga i næringslivet vil vera avhengig av tilgang på kompetanse, og digital og fysisk infrastruktur. Infrastrukturen må utviklast i tråd med behova i markedet. For å utvikla lokal kompetanse, bør det satsast på forskning og innovasjon. Det er ynskjeleg å halda på busetnad og arbeidsplassar utanfor regionssentera. Tilgang på kompetanse kan sikrast gjennom attraktive stader å bu og arbeida kring.

Landbruksnæringa er under sterkt press i form av produksjonsrestriksjonar, klimaendringar og press på naturområde. Det er viktig å arbeida i fellesskap for å sikra levedyktigheita for landbruksnæringa.

4.4 Bustad



Bustadmassen i Eidfjord er i hovudsak einebustader, men nokre innslag av leilegheiter, tomannsbustader og rekkehus. I Eidfjord bor 4,6 % etter definisjonen trongt, i fylgje SSB. For kvar bustad bur det i sitt 2,1 personar per hushaldning.¹⁵ Situasjonen med høg grad av einebustader er mykje lik i distriktskommunar i Vestland. I samfunnsutviklinga er det viktig å sikra sirkulasjon av bustader for ulike livsfasar. I ljøs av kommande eldrebylgja, er det viktig å omsynta å ha nok bustader tilrettelagt for eldre, slik dei kan bu heima lengst mogleg.

I ljøs av ein utfordrande situasjon i verden med krig og uro har råvareprisar auka. Dette har medført at kostnaden ved mellom anna byggjetiltak er betydeleg auka. Det er dermed høg finansiell risiko ved bygging av bustad og fritidsbustader, særleg i distrikta. Eidfjord kommune har i tillegg utfordringar med arealtilgang for generell bygningsmasse, då store områder er fjellterreng, strandsone, ligg utsett for flaum og ras, eller innehar kulturminneomsyn.

4.5 Miljø og klima



Kommune-Noreg ser allereie utfordringar knytt til klimaendringar. Noreg har vore råka av styrtregn og flaum fleire gonger berre det siste året. Kommune som forvaltar og tenesteytar har krav i forhold til å ivareta innbyggjarar, tenester, bygg og infrastruktur. Endringar i klima gjer behov for å styrka kommunen si planlegging kring flaum, ras og rassikring. Kommunalbanken si skissering av klimarisiko i norske kommunar syner til at ved en 200-års flaum i Eidfjord i dag vil 49 bygningar stå under vatn.¹⁶

Seks av ti nasjonale villreinområde ligg under regjeringa sin kvalitetsnorm for anbefalt tilstand. Villrein er ein ansvarsart som Noreg har forplikta seg til å ta vare på. Villreinen

¹² Vestland fylkeskommune, Utfordringsrapport for utviklingsplan for Vestland 2024-2028

¹³ Statistisk sentralbyrå, Kommunefakta Eidfjord, lest 30.01.2024

¹⁴ Vestland fylkeskommune, Utfordringsrapport for utviklingsplan for Vestland 2024-2028

¹⁵ Statistisk sentralbyrå, Kommunefakta Eidfjord, lest 30.01.2024

¹⁶ Kommunalbanken, Klimarisiko i kommunen, Vestland, Eidfjord 01.03.2024

på Hardangervidda er truga og dermed er det eit auka fokus på villrein. Det er fleire pågåande arbeider på regionalt og nasjonalt nivå som vil leggja føringar for vidare utvikling i nasjonalt villreinområde og randsona.

Vestland fylke er den regionen i Noreg som har høgast klimagassutslepp. Totalt utsleppet av klimagassar i Vestland fylke i 2021 var 6,9 millionar tonn CO₂-ekvivalenter, dette gjer 1069 tonn CO₂-ekvivalentar per innbyggjar i fylket. Historisk toppunkt var i 2013, deretter nedgang årleg fram til 2019. Utsleppa er i stor grad knytt til industri, olje og gass, noko som har hatt ein vekst i utslepp frå 2019 til 2021. Det har parallelt vore ei nedgang i utslepp frå vegtrafikk, oppvarming, luftfart og avfall i regionen.

I spørsmål om klimagassutslepp er det regionale skilnader. Distribusjonen av utslepp er ujamt fordelt i Vestland fylke. Nordhordland er eit særtilfelle knytt til utslepp av CO₂ grunna næringsklynga rundt Mongstad raffineri med oljeterminal, hamneanlegg og kraftvarmeverk. Ser ein konkret på Indre Hardanger bidreg Ullensvang og Eidfjord med 5,2% av fylket sitt samla klimagassutslepp. Av Vestlandets ti regionar er Indre Hardanger den 3. lågaste utsleppsregionen.¹⁷

Kommunalbanken legg til grunn eit klimagassutslepp på 15,1 tonn CO₂-ekvivalent per innbyggjar i Eidfjord. Utsleppsfaktoren som prega kommunen er vegtrafikk (76,4%), jordbruk, oppvarming og avfall er mindre potter i likninga. Eidfjord har historisk hatt jamne utslepp, men såg ein konkret nedgang under pandemien i 2020.¹⁸

Eidfjord er ein fritidsbustadkommune med grovt rekna 1300 eksisterande fritidsbustader, og ytterlegare rundt 1300 einingar planlagt i vedtekne reguleringsplanar. Sjølv om Indre Hardanger har lågt klimagassutslepp, har kommunen over tid bygd ut naturrområder. Indre Hardanger får ei rolle i å ivareta naturmangfald gjennom vern av naturområde, unngå utbygging av karbonrike areal og viktige økosystem.

Stortinget har målsetnad om at Noreg som heilskap skal vera klimanøytrale innan 2030. Statistikkane for utslepp syner at klimaomstillinga i Vestland går for sakte. Hovudutfordringa til Vestlandet er energiomstillinga som kjem i konflikt med andre utviklingsmål, som til dømes utsleppsmål. Målsetnaden er eit trygt og robust Vestland, kor ein oppnår målet om ei grøn energiomstilling.

4.6 Transport og reisevanar



Reisevanar i Vestland syner tydelege skilnader frå by til distrikt. I byområde er det større tilgang og betre frekvens på kollektivtilbodet. I distrikta er det mindre tilbod, og betydeleg lågare frekvens og infrastruktur knytt til kollektivnettet. Eidfjord har bussruta frå Bu til Maurset vinterstid, denne går til Geilo gjennom sommarsesongen. Bu er Eidfjord sitt kollektivknutepunkt, og korresponderer med kollektivtilbod frå Odda og Voss. På Voss har ein høve å kopla seg på Bergensbanen i retning aust og vest.

I distriktskommunar som Eidfjord er ein i større grad avhengig av eigne framkomstmiddel. Store deler av transporten i distriktet knyter seg til privatbil. Tal frå SSB synar røft 550 personbilar registrert i kommunen, kor kring 1/5 av bilparken elektrisk.¹⁹ Utviklinga av utsleppsfrie køyretøy i Eidfjord er på lina med landsbasis kor andel utsleppsfrie personbilar er 23,9%.²⁰

Eidfjord ligg langs Rv. 7 som er ein av hovudtraseane for person- og tungtransport aust til vest. Det er etablert god ladeinfrastruktur for personbilar i Eidfjord sentrum og i Sysendalen, då kryssinga av Hardangervidda gjer store avstandar utan slik infrastruktur. Eidfjord har ikkje tilbod for lading av større køyretøy eller sjøfartøy. Per dags dato operera ikkje Skyss med elektriske bussar i Eidfjord. Ein ser auka behov for kapasitet

¹⁷ Vestland fylkeskommune, Utfordringsrapport for utviklingsplan for Vestland 2024-2028

¹⁸ Kommunalbanken, Klimarisiko i kommunen, Vestland, Eidfjord 01.03.2024

¹⁹ Statistisk sentralbyrå, Kommunefakta Eidfjord, lest 30.01.2024

²⁰ Norsk klimastiftelse, tilnull – køyretøy i Noreg, lest 01.03.2024

på ladeinfrastruktur då grad av elektriske privatbilar aukar, samt at behovet innan tungbilnæringa begynner å visa seg.

Eidfjord har ikkje ferjesamband knytt til vegnettet, men har passasjerbåtar knytt til turistverksemd som nyttar kaiarealet i sesong. Kommunen har ISPS-godkjent cruisekai med 80-90 anløp gjennom eit kalenderår. Teknologien i sjøfarten er på veg i elektrisk retning, det er eit tidsspørsmål før Eidfjord bør tilby ladetenester for cruise- og passasjerbåtar.

Rv. 7 over Hardanger har usikker vinterregularitet grunna hyppige vêrskifte på høgjellet. Det arbeidast lokalt i interesseorganisasjonar for å vidareføra arbeidet til Statens vegvesen knytt til tunnelar over Hardangervidda. Dette vil gje ein trygg og stabil veg over Hardangervidda. Vidare koplar kommunen seg på vegnett mot Odda og Voss. I begge retningar er det lokale ynskjer om å utbetra Rv. 13 og E16.

I tillegg til kommunale vegar går fylkesveg 5096 inn til Simadal og Riksveg 7 gjennom kommunen frå vest til aust. Med ei større ferdselsåra gjennom kommunen er det viktig å ivareta trafikktryggleiken ved kryssingar, av- og påkøyringar og kollektivpunkt. Rv. 7 gjennom sentrum og Sysendalen er utfordrande med tanke på fartsgrensa, kryssingar og kurveutforming. I turistsesongen er det tidvis utfordrande å ferdast som både fotgjengar og bilist i Eidfjord.

4.7 Langsiktig arealbruk



Noreg har forplikta seg til Naturavtalen frå Montreal i 2022. Naturavtalen heimlar at 30% av verdens natur på land og i sjø skal vernast innan år 2023. Ytterlegare skal 30% av øydelagd natur restaurerast innan 2030. Statistikken for Noreg syner at 17,6% av landarealet og 3,1% av sjøarealet er verna.²¹

Eidfjord er nasjonalparkkommune, og har store verneområder. Konkret for Eidfjord er 59,4% av alt areal verna i medhald av naturvernlova; Hardangervidda nasjonalpark dekker 575 km², Hardangerjøkulen/Skaupsjøen landskapsvernområde dekker 312 km² og eit våtmarksområde verna som naturreservat i Bjoreidalen dekke 4,8 km². Vidare har Eidfjord fjellareal som er beslaglagt som nasjonalt villreinområde. Utfordringa kring villreinen sine levekår må vektleggjast meir i planlegginga.

Kunnskapen om naturmangfald på land og i sjø i Vestland er mangelfull, dette gjeld også for Eidfjord. Kartleggingar som føreligg for Eidfjord er av alder og etter utgått metodikk. Det vil i framtidig arbeid vera endå viktigare å gjennomføra kartleggingar for å kunna sikra karbonrike areal og viktig naturmangfald.

Som distriktskommune kjem ein ofte i konflikt mellom utbygging og vern. Det er lokale ynskjer og behov for området å utvikla, for å tiltrekka seg menneske og næringsaktivitet. Ny nedbygging forsterkar naturkrise, vurderingane går i stor grad utover dyrkbar mark og karbonrike areal. Kommunen må ha eit realistisk bilete av eventuell framtidig utbyggingsbehov innan infrastruktur, bustad, næring og fritidsbustad. Vidare må kommunen vera klar på kva som er særtrekk i kommunen og landskapet, og korleis ein skal ivareta dette.

²¹ Vestland fylkeskommune, Utfordringsrapport for utviklingsplan for Vestland 2024-2028

5 Status gjeldande planar, strategiar og styringsdokument

I ljøs av det kommunale plansystemet, har kommunen eit mangfald av planverk på fleire sektorar. Avsnittet syner i tabellform status på gjeldande planverk.

Fagplanar som heimlar drift av einingar som ikkje utgjer politiske spørsmål er ikkje omtalt i tabellen.

Status gjeldande planer Eidfjord kommune		
Plannamn	Vedtaksår	Kommentar
Samfunnsutvikling og økonomi		
Kommuneplanen sin samfunnsdel	2015	Vedteken for perioden 2015-2027.
Kommuneplanen sin handlingsdel og økonomiplan	2023	Vedteken for perioden 2024-2027.
Areal og landbruk		
Kommuneplanen sin arealdel	2011	Vedteken for perioden 2011-2020 Rullering starta opp i førre planperiode, revisjon under arbeid.
Kommunedelplan for Sysendalen	2019	Skal innarbeidast i kommuneplanen sin arealdel.
Kommunedelplan for naturmangfald	2022	
Kultur, idrett og fritid		
Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2017-2020	2017	Rullert handlingsprogram i planstrategi 2019-2023.
Handlingsdel 2021-2024	2021	
Sti- og løypeplan Sysendalen	2013	Vedteken for perioden 2013-2025.
Kulturminneplan for Eidfjord kommune	2020	
Bustad, eigedom og teknisk infrastruktur		
Bustadpolitisk strategiplan	2012	
Kommunedelplan for trafikksikring 2012	2012	Ynskja revidert i planstrategi 2019-2023. Ikkje ressursar til gjennomføring.
Kommunedelplan for energi og klima	2020	Vedteken for perioden 2020-2030.
Oppvekst, helse og omsorg		
Leve heile livet	2023	Vedteken for perioden 2023-2025.
Ruspolitisk handlingsplan 2024-2028	2020	På høyring sommar 2024.
Plan for førebyggjande arbeid	2024	Vedteken for perioden 2024-2028.
Samfunnssikkerhet og beredskap		
Beredskapsplan	2023	Årleg revisjon.
Overordna risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) Eidfjord kommune	2017/2024	Delvis revidert i 2024.
Øvrige planar		

Kunnskapsgrunnlaget skal syna utviklingstrekk og utfordringar for kommunen som samfunn og organisasjon. Kunnskapsgrunnlaget skal ligga som grunnlag for utforming av kommunal planstrategi for 2024-2028 kor ein skal vurdere gyldigheita for gjeldande planverk i forhold til revisjon og behov for nytt planverk.